



Møteinnkalling

Talgje sokneråd

Møtedato: 13.11.2024 kl. 16:15
Møtested: Kyrkjekontoret, Hagatunet 4
Arkivsak: 23/04560

Det blir bestilt pizza, opning ved Ola

Saksliste

Møteinnkalling

Saksliste Talgje sokneråd 13.11.2024

3

Godkjenning av innkalling og saksliste

35/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

4

Godkjenning av protokoll

36/24 Godkjenning av referat frå førre møte.

5

Saker til behandling

37/24 Godkjenning av visjon og strategiplan for 2024 - 2027

15

38/24 Felles soknerådsmøte til våren

18

39/24 Spørsmål om nytt lydanlegg i kyrkja på Fogn

19

40/24 Spørsmål om nytt lydanlegg i Talgje kyrkje

21

41/24 Førespurnad om støtte til ein transportabel lysglobe

22

Åpen halvtime

Orienteringssaker

42/24 Orienteringssaker

23

Eventuelt



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakliste

Talgje sokneråd

Møtedato: 13.11.2024 kl. 16:15

Møtestad: Kyrkjekontoret, Hagatunet 4

Arkivsak: 23/04560

Grunna forfall inviteres 1. og 2. vara til møtet 3.-5. vara får beskjed viss det er fleire forfall. Generelt er møtet ope for alle. Meld evt forfall på tlf 47010909 eller mail hs973@kyrkja.no

Besøk av Rune Skagestad, kyrkjeverge og Tor Magne Nesvik fung. prost.

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

35/24	23/04631-13	Godkjenning av innkalling og sakliste
-------	-------------	---------------------------------------

Godkjenning av protokoll

36/24	23/04620-11	Godkjenning av referat frå førre møte.
-------	-------------	--

Saker til behandling

Dialogmøte ca 60 min.

37/24	23/04619-12	Godkjenning av visjon og strategiplan for 2024 - 2027
38/24	23/04622-7	Felles soknerådsmøte til våren
39/24	23/04623-13	Spørsmål om nytt lydanlegg i kyrkja på Fogn
40/24	23/04623-14	Spørsmål om nytt lydanlegg i Talgje kyrkje
41/24	24/00449-7	Førespurnad om støtte til ein transportabel lysglobe

Orienteringssaker

42/24	23/04635-13	Orienteringssaker
-------	-------------	-------------------

Eventuelt

Fogn , 06.11.2024

Eilef Johan Gard
leiar

Heidi Bø Sangedal
møtesekretær



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04631-13	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
35/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlem om lag ei veke før møtet skal haldast. Saklista er sjekka ut med AU i forkant av møtet og det kan meldast saker som ymse i tillegg.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04620-11	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
36/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Godkjenning av referat frå førre møte.

Vedlegg:

~ 23_04560-19 Protokoll Talgje sokneråd 18.09.2024 348180_2_0

Saksorientering

Referat frå førre møte vart sendt til dei frammøtte, evt kommentarer er tatt med i det endelege referatet som ligg ved.

Forslag til vedtak

Endeleg referat frå førre møte vert godkjent slik det ligg føre.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Møteprotokoll

Talgje sokneråd

Møtedato: 18.09.2024 kl. 16:15
 Møtestad: Kyrkjekontoret, Hagatunet 4
 Arkivsak: 23/04560

Til stades: Ola Aasland Vold, Eilef Johan Gard, Ingrid Eiane Setvik(Delvis møtt), Ottar Sandanger, Anita Fjukmoen(Delvis møtt), Margunn Madsen Hovda

Frammøtte
 varamedlemer: Else Jorunn Løland, Sofie Bjerga Roth, Jon Olav Runestad

Forfall: Terje Kjølvik, Beate Steinsvik Jansen, Merete Meling Kindingstad

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
26/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Godkjenning av protokoll		
27/24	Godkjenning av referat frå førre møte.	2
Saker til behandling		
28/24	Rekneskap første halvår 2024 og budsjett 2024	3
29/24	Disponering av resultat for 2023	4
30/24	Tildeling av offer for gudstenestene våren - 2025	5
31/24	Overføring av organisasjonskonto til driftskonto	5
32/24	Visjon og strategiplanen	6
33/24	Handtering av kriser og ulukker	7
Orienteringssaker		
34/24	Orienteringssaker	8
Eventuelt		

Finnøy 06.11.2024

Eilef Johan Gard
Leiar

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 32/24 og 33/24 vert handsama først grunna at nokon i rådet må gå tidleg.

26/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	26/24

Saksorientering

Det er sendt ut innkalling og sakliste til medlem og varamedlem om lag ei veke før møte skal haldast.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

27/24 Godkjenning av referat frå førre møte.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	27/24

Saksorientering

Referatet frå førre møte er sendt ut til alle dei frammøtte i etterkant av møtet. Evt innspel og endringar er teke med i det endelege referatet som ligg ved sakspapirene. Protokoll frå møtene ligg og på heimesida finnoykyrkja.no

Forslag til vedtak

Referatet frå førre møte vert endeleg godkjent slik det ligg føre.

Vedtak

Referatet frå førre møte er endeleg godkjent slik det ligg føre. Merknad til sak som var referert til der: Det jobbast vidare i lag med kantorane Silje Aandstad og Bjørn Terje Bertelsen, evt trusopplærar om eit felles barnekorprosjekt.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling**28/24 Rekneskap første halvår 2024 og budsjett 2024**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	28/24

Saksorientering

Vedlagt er rekneskap for første halvår 2024 og budsjett for 2024. Merknad: Me skuldar Hesby sokn om lag 6500 for konfirmantweekenden, dette vil bli overført i løpet av hausten. Me har og felles abonnement på Nets/Solidus som også vil bli overført Hesby i løpet av året, om lag 1600,- kr I tillegg har me dette året gjort ein investering med innkjøp av konfirmantkappar, desse er heller ikkje bokført. Så vil me motta noko tilskot som kjem i slutten av året.

Forslag til vedtak

Rekneskapet vert teke til orientering og budsjettet er godkjent slik det ligg føre.

Vedtak

Rekneskapen er teken til orientering og budsjettet for 2024 er godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

29/24 Disponering av resultat for 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	29/24

Saksorientering

Sjå vedlagte tabell med forslag til disponering av resultat for 2023

Forslag til vedtak

Forslaget til disponering av resultat for 2023 vert godkjent slik det ligg føre, evt med endringar som kjem fram i møtet.

Møtehandsaming

Obs sjekke at ordlyd underskot/overskot er rett. Det blei stilt spørsmål ang. disponering av underskot diakoni: Det er brukt kr 8742,00 i 2023 på innkjøp av bøker og blomster til jubilarer, samt til bevertning til formiddagstreff Fåtunet og Halsnøy og fellestiltak til jul etc. Me har ikkje hatt inntekter som er ført på diakoni.

Vedtak

Disponering av resultat for 2023 er godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

30/24 Tildeling av offer for gudstenestene våren - 2025

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	30/24

Saksorientering

Det er komme inn to særskilte søknadar om offer, dette gjeld Sjømannskirken og Indremisjonsforbundet – Rogaland. I tillegg har mange organisasjonar samla seg om ein felles oppmoding til kyrkjelydane om offer. Talgje sokneråd har dei siste åra prioritert offer til misjonsprosjektet. I tillegg er me medlem i Kirkens SOS Rogaland og har med det lova to ofringar i året. Januar har vore offermånad til NMS og februar til Bibelselskapet. I fjor gjorde me og eit lokalt valg med å gje Open hall offer på samtalegudstenestane. Julafta har vore Kirkens nødhjelp dei siste åra. Med dette utgangspunktet er det laga eit forslag til offertildeling for våren – 2025 Til orientering så er det sett eit mål om å samle inn kr 50 000 til misjonsprosjektet. Til no i år har me sendt kr 29 353,50 Det er 4 ofringar igjen til dette formålet, i tillegg til basaren i Fogn kyrkje.

Forslag til vedtak

Offerlista vert godkjent slik den ligg føre med evt endringar som blir gjort i møtet.

Møtehandsaming

Vedtak

Offerlista er godkjent slik den ligg føre med fastsetting av at det på Fogn 11. mai er offer til kyrkjelydsarbeidet. Kirkens SOS får offer i 2025 frå Talgje og Halsnøy. Ein sjekkar opp om det på Talgje skal vere ein eigen Speidargudsteneste. Soknerådet held seg til den fordelinga ein har valgt ang. prioritering av misjonsprosjektet. Til neste tildelingsrunde vurderer ein på ny søknaden frå Sjømannskirken. Det blei i samband med offerlist og nevnt at det på Fogn 1. pinsedag vil vere ein gudsteneste med samarbeid mellom Ola som prest og Oddvar Søvik som talar.

[Lagre vedtak]

31/24 Overføring av organisasjonskonto til driftskonto

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	31/24

Saksorientering

Barnekoret TøfFOGNådig og barnelaget Hobby og tru har hatt ein felles konto i SR – bank kontonr. 3347 20 50694 – dette er ein eigen konto som heiter Barnekoret og denne har ikkje blitt tatt med i soknet sin øvrige økonomi. Det er kommunale reglar som no tilseier at alle som søker støtte til barne og ungdomsarbeid må ha betalande medlem og då får ein kommunal stønad. På Fogn er det naturleg å sjå dette arbeidet som ein del av kyrkjelydsarbeidet og ein ber om at ein frå og med denne hausten kan nytte driftskontoen til Talgje sokn til å ta imot medlemspenger og betale utgifter frå. Resterande pengar på denne gamle kontoen blir overført Talgje sokn. Praktisk vel ein å føre dette på ein eigen avdeling.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner at inntekter og utgifter til barnekor og barnelagsarbeidet som er knytta til Fogn kyrkje blir ein del av soknet sitt arbeid og økonomi.

Møtehandsaming

Representant minna om også å bruke nynorsk i sangane til barnekoret.

Vedtak

Soknerådet godkjenner at inntekter og utgifter til barnekor og barnelagsarbeidet som er knytta til Fogn kyrkje blir ein del av soknet sitt arbeid og økonomi.

[Lagre vedtak]

32/24 Visjon og strategiplanen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	32/24

Saksorientering

Bruke det som kom fram sist, til å jobbe vidare med visjon og strategiplanen. Eilef legg fram dette i møtet.

Forslag til vedtak

Samtalesak om visjon og strategiplan for Talgje sokn.

Møtehandsaming

Den eksisterande visjon- og strategiplanen vart vist i møtet. Det er behov for revidering.

Vedtak

Til neste møte reviderer AU planen og legg den fram i ny utgåve i soknerådsmøte som er 13. nov.

[Lagre vedtak]

33/24 Handtering av kriser og ulukker

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	33/24

Saksorientering

Kyrkja har ordningar for beredskap knytt til kriser og ulukker som skjer i lokalmiljøet vårt. Det er utarbeida ein plan for dette frå bispedømet si side, denne ligg vedlagt.

Lokalt har me stab ved prest, diakonimedarbeidar, kantor, klokke/kyrkjetenar og andre tilsette eller frivillige, som vil kunne bidra som ressursar ved konkrete høve.

Det er laga til beredskapskassar som skal ligge i kyrkjene våre.

Heilt nært no har me hatt open kyrkje med sørgesamling på Talgje – dei som var der kan dele erfaringar med soknerådet.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek til orientering den planen bispedømet har utarbeida. Elles samtalesak om erfaringar knytta til sørgesamlinga i Talgje kyrkje 2. sept.

Møtehandsaming

Dei som var med i sørgesamlinga på Talgje 2. sept. delte sine erfaringar.
Det blei vist til oppfølging av sørgande og bruk av diakonale medarbeiderar til dette i lag med prestane.

Vedtak

Samtalesak. Soknerådet tek til orientering den planen bispedømmet har utarbeid for handtering av kriser og ulukker.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

34/24 Orienteringssaker

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	18.09.2024	34/24

Saksorientering

Sakene vert framstilt enten skriftleg eller munnleg i møtet.

Forslag til vedtak

Sakene vert tekne til orientering.

Møtehandsaming

Munnleg referat frå trusopplæringsutvalet v/Ingrid

Referat frå Stavanger krk fellesråd – sjå stavanger.kirken.no

Referat frå ansvarskomiteen Fogn – referatet låg ved

Konfirmantjubileum – både Hesby og Talgje sokn sine 50 årskonfirmantar er invitert til Bethel 29. sept.

Stoda for restaureringsarbeidet på Talgje – det utvendige arbeidet for dette året er ferdig. Stilas utvendig skal fortsatt stå oppe. Plan om oppstart innvendig arbeid denne hausten. Avventar beskjed om korleis dette kan samkøyrast med vanleg drift.

Info ang. befarings Talgje – Mari Varhaug som er sjef for gravplass har hatt møte med Kjetil Gaard ang. parkering og det blei og forespeila evt plass for ein utviding av gravplassen. Dette blir teke med i det vidare arbeidet med kommune og Riksantikvar.

Sommarevaluering – usikkert kor mange som var på gitarkonsertane i Talgje krk., Byregudstenesten er bra.

Status ymse stillingar: Reinhaldar Anna Fink har starta i jobben i Talgje kyrkje. Bjarte Halsne sluttar som vaktmeister 1.okt. Held på med utlysningstekst til organist i blant anna Halsnøy bedehus.

Møte med kommunedelsutvalet er bekrefta tirsdag 29. okt. kl 1630 – 1700 Ope møte. Leierane i soknerådene legg fram saker som er førebudd som ein dialog med politikerane i utvalet.

Jubileumshelg for Tungenes prosti i høve 900 årsjubileumet er 7.-9. nov. 2025 Komite jobbar med eit program. I løpet av 2025 planlegging av «gjestebod» med meir.

Sammen – gudsteneste i jan/febr evt mars neste år. Prost, prestar, diakonar, kantorar jobbar med innhald og lokalt ser me på å finne ein eller fleire gudstenester med denne tematikken.

Gåve frå Sølvsmeden – me har til Fogn kyrkje fått eit nytt stort nattverdsbeger frå Sølvsmeden. Dette vil bli markert i gudstenesten søndag 22. sept.

Gjevartenesten – det er laga brosjyre som deles ut i gudstenestene nå i haust. Framover viser tala at medlemmene blir færre i alderen 0 – 18 år. Derfor eit auka behov for gjevarteneste viss tilbudet me har i dag skal oppretthaldast.

Vedtak

Sakene er tekne til orientering.

[Lagre vedtak]

Eventuelt


DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04619-12	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
37/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Godkjenning av visjon og strategiplan for 2024 - 2027

Vedlegg:

Visjon og strategi 2024 - 2027

Saksorientering

Visjon – og strategiplanen frå 2019 – 2023 er revidert og forslaget som er utarbeida av leiar, nestleiar og sokneprest ligg vedlagt. Vedlegget er tenkt som ei orientering, så vil ein i neste møte ha eit endeleg vedtak om visjon – og strategiplan for inneverande periode.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek forslaget til orientering og vil i neste møte vedta endeleg visjon og strategiplan for 2024 - 2027

VISJON, STRATEGI OG TILTAKSPLAN FOR TALGJE SOKN 2024 – 2027

Framlegg til møtet i soknerådet 13.11.2024

Framlegget er utarbeidd av AU og byggjer på strategidokumentet som soknerådet vedtok i 2021.

Dei ni stratetgiske områda er reduserte til sju, saman med målsetjing for kvart område. Det er også teke omsyn til dei innspela som kom fram i det utvida soknerådsmøtet 20. mars i år.

Under kvart område er det sett opp ei målsetjing, formulert som eit ynskja får kva kyrkja og fellesskapet vårt skal vera. For kvart område er det også sett opp nokre stikkord som skal vera førande for konkrete aktiviterar og arrangement.

Den norske kyrkja sin visjon: Meir himmel på jord.

Stavanger bispedømme: Meir himmel på jord - Ei kyrkje som bryr seg, ei open kyrkje, ei kyrkje som engasjerer og deler og ei kyrkje som inviterer.

Talgje sokn sin visjon: Meir himmel på jord – ei kyrkje som bryr seg, inspirerar og inviterar til tru og teneste.

Bøn	Gudstenesteliv	Trusopplæring	Frivillig arbeid	Kultur og musikk	Diakoni	Misjon
Me vil at bøn skal ha ein sentral plass i alt vårt virke.	Me vil feira gudstenester der folk kjenner seg heime og som inspirerar til tru, teneste og fellesskap, med Jesus i sentrum.	Me vil vera ei kyrkje der born, unge og vaksne deler liv og tru.	Me vil tena kvarandre og gje rom for ulike gåver og talent.	Me vil invitera til å ta del i Guds gåver gjennom ulike kulturelle uttrykk.	Me vil bry oss og vera Jesu hender og føter på øyane våre.	Me vil vera ein del av ei verdensvid kyrkje, der Jesu kall om å fylgja han kjem til syne både lokalt og globalt.
Forbønsteneste Bønekrukke og lysglobe tilgjengeleg ved alle arrangement	Medverknad og deltaking Open kyrkje	Formidla bibelkunnskap Inkludera bonr og unge i kristent liv og truspraksis	Kultur for å medverka Oppmuntra Open kyrkje	Konsertar Bruka lokale musikalske krefter Utstillingar	Møteplassar Open hall Sorgarbeid	Samlande misjonsprosjekt



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04622-7	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
38/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Felles soknerådsmøte til våren

Saksorientering

Det er kome eit forslag om å ha marsmøtet til våren felles i lag med Hesby og Sjernarøy sokn. Tanken er at ein minst ein gong i året har eit felles møte og at dette møtet blir halde ulike stader i sokna våre. Forslaget er at møtet i mars vert på Sjernarøy onsdag 19. mars. Me tenker samling i Sjernarøy kyrkje, samt mat ved Bygdakokken på Sjernarøytunet. Til dette møtet kan me evt invitere både kyrkjelydspedagog og diakonimedarbeidar med tanke på felles møtepunkt. I tillegg vil det kunne vere naturleg å invitere med dei som vil av heile storstaben til slike møter.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek at me har eit felles soknerådsmøte onsdag 19. mars.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	120	23/04623-13	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
39/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Spørsmål om nytt lydanlegg i kyrkja på Fogn

Saksorientering

Det er kvart år ein basar på Fogn kor halvparten går til misjonsprosjektet og halvparten til lokal bruk i kyrkja. Det kom inn om lag kr 15000,- til kvar dette året. Me spurte folket om forslag til forbetringar. Det kom inn to konkrete forslag det eine går på forbetring av lyd oppe i salen og særskilt i den bakre delen av kyrkja. Det andre gjekk på forbetring av bildekvalitet ved prosjektorane oppe. Prosjektorane er no ca 10 år gamle dei fungerer godt, men det er ei skurring på bilde på den venstre prosjektoren, dette skuldast signaler frå teleslynga. Det vil seie at når denne er i bruk, som den jo alltid er vil bilde skurre...

Det er innhenta prisanslag knytta til kun å utbetre dette med prosjektor og bildekvalitet, det vil koste ca kr 13000,- Det er ikkje utskifting av prosjektor, kun nye hdmi – kablar og ein boks til styring av desse.

Det andre forslaget gjeld utbetring av lyden i begge salane oppe. Det er no slik at folk melder tilbake at dei ikkje har høyrte alt. Nytt lydanlegg er ein langt større kostnad. Det er Fellesrådet som har ansvar for at det er tilfredsstillande lyd i kyrkjene våre. Me må framover ha dialog med dei om korleis me går fram. For oss som er brukarar er det viktig at systemet er lett å bruke for amatørar. Det må vere god lyd for alle. Det gamle utstyret må sjekkast over om noko kan nyttast vidare og at me evt supplerer med nytt og meir moderne. Me må få eit prisoverslag frå ulike firma. Det vil uansett beløp vere sikrast å hente inn tilbud frå fleire leverandørar. Viss me går for nytt anlegg kan dette med forbetra bildekvalitet gå inn i det same prosjektet. Me må ha dialog med Fellesrådet om kor mykje pengar dei evt. kan bruke på dette, det kan og vere at nytt utstyr betyr ein søknad til biskop.

I tillegg kan det hende at me kan bruke av oppsparte midler. Vedlagt kan de sjå kor mykje som står på disp.fond. Andre måtar å få inn pengar på er å søke diverse bankar og stiftelsar. Evt kan me setje opp ei prioriteringsliste over nokre år. Evt kan noko av jobben gjerast på dugnad i samråd med firma som leverer produktet.

Forslag til vedtak

Dagleg leiari har dialog med Fellesrådet ang. evt økonomi til innkjøp av nytt lydutstyr. Viss det i tillegg skal brukast av disp.fond så får soknerådsleiar i lag med lokale representantar frå Fogn mynde til å fastsetje kor mykje av disp.fondet som skal nyttast.

Talgje Sokn - Balansetall pr 06112024		Beløpsfelt: Beløp		
BR3 - Balanserapport (Vedlegg 3)	• Konto	2024 IB*	2024	Totalt
Differanse			55,190	55,190
Kortsiktige fordringer (5.13-5.17)		450	2,850	3,300
Kasse, bankinnskudd (5.10)		248,527	21,140	269,667
Omløpsmidler (Kap. 5.1)		248,977	23,990	272,967
SUM EIENDELER		248,977	23,990	272,967
Disposisjonsfond (5.56-5.58)		178,328		210,687
• 55600 - Disposisjonsfond		69,605	-910	68,695
• 55601 - Disposisjonsfond Alpha Fogn		8,420		8,420
• 55602 - Disposisjonsfond Ansvarskomite Fogn		27,362	-8,185	19,177
• 55605 - Geografisk dispfond MR48/21-Fogn		16,648	7,092	23,740
• 55606 - Geografisk dispfond MR48/21-Talgje		42,307	34,467	76,774
• 55607 - Geografisk dispfond MR48/21-Halsnøy		5,518	-105	5,413
• 55608 - Geografisk dispfond MR48/21-Fisterøyane		8,467		8,467
Bundne driftsfond (5.51-5.52)		7,091		7,091
Regnskapsmessig merforbruk (5.5900)		32,359		32,359
Egenkapital (Kap. 5.5)		-217,777		-217,777
Annen kortsiktig gjeld (5.32-5.39)		31,199	-31,199	
Kortsiktig gjeld (Kap. 5.3)		-31,199	31,199	
SUM EK OG GJELD		-248,977	31,199	-217,777



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	120	23/04623-14	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
40/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Spørsmål om nytt lydanlegg i Talgje kyrkje

Saksorientering

Det står kr 34 000,- på ein konto ang. sal av stolar frå 2023. Det er behov for å rusta opp lydanlegget i kyrkja. Lokal stab og medlem i soknerådet vil foreslå at desse pengane blir brukt til opprusting av lydanlegget. Samstundes er det Fellesrådet sitt ansvar at det er eit brukanes lydanlegg i kyrkjene våre. Det er derfor naturleg å ha dialog med dei omkring dette. Det vil vere bra å hente inn prisanslag frå fleire firma. Det må gjerast ei vurdering av kva som må til, og lagast eit budsjett ut frå det.

Forslag til vedtak

Soknet har dialog med Fellesrådet om ei oppgradering av det eksisterande lydanlegget. Evt kan ein i tillegg bruke av midler frå sal av stolar. I fyrste omgang må det gjerast ei vurdering av fagfolk, deretter må det setjast opp eit budsjett for oppgraderinga. Evt. meir bruk av egne midlar kan løyvast gjennom bruk av geografisk disp.fond.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	610	24/00449-7	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
41/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Førespurnad om støtte til ein transportabel lysglobe

Saksorientering

I alle kyrkjene våre er det lysglobar og på bedehuset på Halsnøy er det eit lysfat. Desse blir mykje brukt ved gudstenester, kveldsbøn eller andre gonger. I tillegg til samlingar i kyrkjene våre har me og samlingar andre stader eks. føremiddagstreff, open hall, besøk på Fåtunet og sjukeheimen. Nokre gonger er det fint å kunne bruke ein lysglobe som synleggjering for bøn, evt og minne. Me har henta inn eit pristilbod på ein transportabel lysglobe. Dette er ein lysglobe som ikkje er for tung, kan stå stødig på eit bord, kan dreiest 360 grader rundt og ha tynne globelys, 16 stk. Denne kostar kr 14 000,- inkludert frakt. Spørsmålet er om denne kan kjøpast inn felles av alle sokna. Det blir då om lag kr 4670,- på kvart sokn. Dette blir då ei investering for framtida. Dette året har me og kjøpt nye konfirmanstkappar som også er ei investering. Så viss ein går for dette som er utanom vanleg driftsbudsjett, må ein bruke av oppstarte midler. Ein tilrår at det blir kjøpt inn ein transportabel globe felles for bruk i sokna.

Forslag til vedtak

Staben får høve til å kjøpe inn ein transportabel lysglobe som er egna for bruk på øyane våre.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04635-13	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
42/24	Talgje sokneråd	13.11.2024

Orienteringssaker

Referat frå møte i diakoniutvalet.

Referat frå møte i trusopplæringsutvalet.

Svar på søknad om ny nattverdiskalk i Fogn kyrkje.

Vesper i Talgje kyrkje 22. juni 2025 Finnøy og Rennesøy kyrkjeakademi.

Ang. speidargudstenesten til våren – er det fastsett dato?

Me syng jula inn Fogn 15. des., Talgje 22. des. og Halsnøy

Div. om stillingar

900 årsfeiring – sjå skriv

Infoskriv om høyringar frå Kirkerådet

Referat frå møte i ansvarskomiteen

Talgje kyrkje og restaureringsarbeidet

Fogn kyrkje – nytt brannvarslinganlegg

Deling frå møtet med kommunedelsutvalet

Orientering om kommunedirektøren sitt budsjettforslag.

Vedlegg:

Referat frå møte i diakoniutval sept. 2024

Møte i Trusopplæringsutvalet 17. september 2024

Svar på søknad om ny nattverdiskalk i Fogn kyrkje

Hei

Stavanger by, bispedømme og domkirken 900 år i 2025 menigheter

Høringer fra Kirkerådet høsten 2024

REFERAT FRÅ MØTE I ANSVARSKOMITEEN 5.nov

Saksorientering

Nokre av sakene ligg ved som skriftleg orientering, andre saker blir referert munnleg i møtet.

Forslag til vedtak

Sakene vert tekne til orientering.

Referat frå møte i



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

diakoniutvalget

Dato: 11. sept. 2024
Tid: kl 17.00 – 19.00
Sted: Finnøy kyrkjekontor
Møteleiar: Ragnhild
Refernt: Ingvild

Desse deltok: Ragnhild Valand, Grethe Hiim, Else Jorunn Løland, Anne Elisabeth Hapnes Hindal, Solfrid Sevheim Haga og Ingvild A Moen. Meldt forfall: Anne Margrethe Bjerga.

Opningsord- veksellesing Keltisk tidebønn v/Ingvild

1. Oppmerksomhetsrunde. Fleire har opplevd sorg i nærmiljøet den siste tida.
2. Sorggrupper. Anne Elisabeth og Ingvild delte erfaringar som nye ko-rettleiarar i sorggrupper, i hhv gruppe for rus og sjølmord og vaksne som har mista vaksne barn. Stavanger og Sandnes samarbeider om grupper, Anne Elisabeth er med i Sandnes og Ingvild er med i Tjensvoll. Det er to leiarar i kvar gruppe. Gruppemedlemmene deler og støttar kvarandre, ein annleis måte å leie ei gruppe på. Følger tema frå Metodisk veileder sorggrupper for voksne (Akershus universitetssjukehus). Meiningsfullt arbeid, mange sterke historier. Debriefing viktig.
Til minnegudstenestene lokalt vil pårørande få invitasjon til gudsteneste, der namnet til den dei har mista, blir lest opp og det blir tent lys. Det blir lagt ved invitasjon til sorggrupper med oppstart november og mai og invitasjon til temakveld om sorg 23.10.24 kl.19 i Varden kirke: "NÅR NOEN DØR - Livet og hverdagen etter dødsfall" ved Maria Lorentzen-Spydevold, sykehusprest, Sykehuset Østfold.

3. Lokalt sorgstøttarbeid. Oppfølging av pårørende. Bakgrunn: sokna har i lang tid ønska å enno betre følge opp pårørende som har mista nokon. Anne Elisabeth og Ingvild starta denne tenesta i vår og fordeler oppfølginga mellom seg. Ringer ei stund etter dødsfallet, presenterer tenesta og tilbyr samtale. Mange samtalar på telefon, nokre ønsker samtale/besøk, andre takkar nei, har venner og nettverk og er i varetatt. Gjer kjent at kyrkja er ein som vil bry seg og har kompetanse i møte med sorg. Nokre gonger er begge to med i samtale, andre gonger går vi åleine, vurderer behov.
4. Besøksteneste for jubilantar i alle sokn. Grete, Else Jorunn og Ingvild delte erfaringar. Ved 80, 85, 90, 95 og 100 år blir jubilaranten oppringt og får spm. om vedkomande er interessert i besøk frå soknet, har med blome, bok eller bordkalender. Kjekke besøk, går to og to saman, låg terskel for å komme saman. Har vore lett å rekruttere frivillige til tenesta. Det er ressursgrupper for alle øyane: Talgje/Finnøy blir leia av Brenda, Halsnøy, Ombo og Sjernarøy leia av Ingvild og Fogn leia av Heidi.
5. Inkluderingsarbeidet. Språkcafe på Fogn og Finnøy, Else Jorunn, Ragnhild og Ingvild delte erfaringar. Snakke med brukarane, kva ønsker dei, korleis blir tilbodet forstått, kva treng dei, kan barna bli med? Ragnhild har søkt og fått midler som kan brukast til å kjøpe inn spel td. Innspel frå ei av dei som tek del i Språkkafeen på Fogn har lært oss at vi kan invitere til å ta med små barn når det gjer det mogleg for foreldre å vere med. Kyrkjekjellaren på Fogn har leikerom som egner seg. Ansvar/tilsyn med borna kan gå på omgang mellom foreldra som har med born. Kort presentasjonsrundeni innleiinga, gjerne bruke små grupper der alle kan kome til ordet, gjerne avislesing, oppgåver eller brettspel. Må ha nok norsktalande til å dele i grupper. God leiing og struktur gjer at dei som kjem opplever å lære noko. Ansvaret for å ha med noko å bite i går på omgang mellom dei som kjem. På Joker Fogn kan ein kjøpe inn ingrediensar eller det ein vil servere, og notere det på Frivilligsentralen." Tenke korleis ein kan organisere kvelden på best mogleg måte, at flest får stilt sine behov, sosialt, mat, snakke norsk, lære meir språk og kultur. Også norsk kurs på Finnøy og Fogn i haust, ein del går der. På Fogn informere både på Fogn.org og på kjøp og bytte sida på Facebook.

6. Verdsdagen for psykisk helse, temakveld på Finnøy skule torsdag 3.okt. 18.15, arr.: frivillighet, Finnøy helselag og kyrkja.
7. Diakonimedarbeidaren sitt hjørne, refleksjon rundt studier, diakoni som ein dimensjon i kyrkja. Jesus sa, dere er mine venner.

Eventuelt:

Onsdag 18.09 kl. 14.30, Ettermiddagstreff i hallen, tema: frivillighet, arr.: pensjonistlaget og kyrkja.

Onsdag 16.10 kl.18.15, 10 års jubileum for frivilligsentralen på Finnøy skule, kåring av Finnøy ildsjel, alle kan nominere kandidat i forkant. Gro Skartveit blir med.

Laurdag 26.10 klesbyttedag og rep.cafè på Finnøy skule, arr.: frivilligheten.

Tysdag 12.11 kl.19.00, Temacafè innbyggertorget lokal krigshistorie arr Finnøy helselag, frivilligheten og kyrkja.

Litteratur tips om sorg: «Kjærlighetsarr» av Jostein Ørum. «Snu deg» av Therese Tungen. Salme 878 i norsk salmebo «Så stille vi går» Ein salme for foreldre som har mista eit barn. Eyvind Skeie har samarbeida med komponisten Galib Mammadov fra Aserbajdjan.

Neste møte onsdag 27.11 17-19.

Møte i Trusopplæringsutvalet 17. september 2024

Til stades: Turid Angelskår Lauvsnes, Brit Idsøe, Marianne Mjølhus, Ingrid Eiane Setvik og Reidun Aabrekk Bråtveit.

1. Oppdatering sidan sist

Trusopplærar er i gong med rapporteringa for dette året, og refererte kort til nokre av tiltaka. Prosentandelen vår er misvisande, i og med at me til nokre av tiltaka også inviterer dei som ikkje er medlem. Me ynskjer å inkludere alle, og alle elevar ved Finnøy skule og oppvekstsentra blir inviterte til tiltaka våre. Kontaktinformasjon og oppmoding til aktiv avmelding dersom nokon ikkje ynskjer invitasjon, følgjer i kvart brev me sender ut. Svært få gir tilbakemelding om at dei ikkje ynskjer invitasjon frå oss.

Det er varierende oppmøte på tiltaka våre, avhengig av tiltak og kull. Utfordringa synast kvart år å vere påmelding frå Sjernarøy og Talgje sokn til fellestiltaka våre, t.d. Tårnagent og pinsevandring. Me forstår at det kan vere utfordrande å reise til ei anna øy dersom ein er åleine eller dersom ein ikkje har reisefølge. Me prøver å kontakte foreldre i forkant som me trur kan ha interesse av å vere med, men det lukkast oss ikkje alltid. Då er det fint at me inviterer alle t.o.m. 4. trinn til hausttakkefestane i alle kyrkjelydane utanom Hesby. Her er det godt oppmøte. Trusopplærar har i haust samarbeida med Barnelaget på Sjernarøy, Barneglede på Ombo, Hobby og Tru på Fogn og Jente- og Guttelaget på Halsnøy og hatt andakt og informert om hausttakkefesten når desse har hatt samling. Me ser at allereie eksisterande tiltak drivne av frivillege på øyane, og samarbeid med desse, fører til god oppslutnad. Dette ynskjer me å fortsetje med, dersom dei ulike laga vil fortsetje samarbeidet.

Babysang, Open Hall og konfirmantarbeidet går sin gang også i haust, og elles gjenstår Lys Vaken første helga i advent. Nytt av semesteret er Småbarnstrall for større babyar og småborn. Me har inga aldersgrense, og overgangen frå Babysang til Småbarnstrall er glidande. Me har likevel sett ei rettleiande aldersgrense ved 7-9 mnd, når barnet byrjar bli meir aktivt. I pausen mellom Babysang og Småbarnstrall kan foreldra møtast for kaffi og drøs medan borna leikar på teppe på golvet. På dei to samlingane i haust, har det vore desidert flest på Småbarnstrall.

Når det gjeld kyrkje-skulesamarbeidet, ynskjer me å få til eit møte med skule og oppvekstsenter der me snakkar om kva me som Kyrkje kan tilby: Skulegudstenester og -besøk, besøk i barnehagar, jule- og påskevandring, Bibelsporet og Nabokafé. Diakonmedarbeidar Ingvild tok i vår initiativ til Nabokafé der 10. trinn kunne kome til kyrjekontoret i matfriminuttet og få gratis vaflar og ein prat med staben ved kontoret. Trusopplærar gjennomførte i vår kurset Bibelsporet med 5. trinn. Dette ynskjer me å kunne tilby 5. trinn ved Finnøy skule kvart år, og å få til ei rullering med tredje kvart år på oppvekstsentra.

2. Revidering av trusopplæringsplanen

Tiltaket Bibel og Ball har dei siste åra ikkje vore gjennomført. Bibel og Ball vart i si tid starta opp av Terje. Målet med tiltaket var å gi eit ekstra tilbod til borna i Sjernarøy sokn sidan dei har få kontinuerlege tiltak. Bibel og Ball vart arrangert tre gongar per semester i ei tid då borna på Ombo og Sjernarøy hadde få tilbod om lokal idrett. Me ser at tidene og tilboda har endra seg og at “det lokale” no gjeld eit større geografisk område enn før. Nokre reiser t.d. til Finnøy på turn og fotball. Ingvild har kontakta Sjernarøy Oppvekstsenter for evt å få til å starte opp igjen med tiltaket, men ulik lengde i skuledagane for ulike trinn, gjorde at dette vart vanskeleg. Trusopplærar foreslo å fjerne dette tiltaket frå planen vår, utan at me per dags dato har eit erstattande tiltak. Trusopplæringsutvalet gjorde vedtak om å ta Bibel og Ball ut av planen. Marianne ytra ynskje om fleire familiegudstenester i Sjernarøy kyrkje, då dette er tiltak som trekk folk.

3. Fast gjevarteneste

Grunna religionsmangfald og ulike trussamfunn, går ikkje medlemstala i kyrkjelydane våre opp, og me får såleis ikkje auka støtte frå Staten samanlikna med tidlegare år. I fjor mangla me 40 000,- i budsjettet, og økonomien er ikkje betre i år. Staben ved kyrjekontoret har laga ein brosjyre med bilete og informasjon om fast gjevarteneste. På hausttakkefestane i alle kyrkjelydane har det blitt informert om trusopplærings-arbeidet og gjevartenesta. På Fogn og i Hesby har powerpoint-presentasjon med bilete frå ulike tiltak blitt vist i håp om auka interesse for gjevartenesta.

4. Utdelingsmateriell

Reidun viste ulike bøker som har blitt gitt i år.

“Hva ville Jesus ha gjort”, “Barnebibelen min” og ei andaktsbok av Jarle Waldemar er tips til god litteratur til utdeling. Ein idè kan vere å slå saman to årskull og gi ei litt dyrare bok framfor to billege, dersom kvaliteten på denne eine boka er betre.

Neste møte blir 13. januar kl 19.

**DEN NORSKE KIRKE**

Stavanger biskop

Stavanger kirkelige fellesråd
Postboks 201
4001 STAVANGER

Dato: 02.10.2024

Vår ref: 24/02590-2

Deres ref:

Svar på søknad om ny nattverdskalk i Fogn kyrkje

Vi viser til søknad fra Stavanger kirkelige fellesråd, mottatt 29.09.2024, om godkjenning av ny nattverdskalk i Fogn kyrkje.

Kirkeordning for Den norske kirke § 20, fjerde ledd står det at:

*Anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr
skal godkjennes av biskopen.*

Fogn kyrkje har vernestatus ikke vernet.

Bakgrunn

Nattverkaskalken fra 1916 er blitt lekk og kan ikke repareres. Sølvsmeden på Finnøy ønsker å gi en ny nattverdskalk til Fogn kyrkje.

Vurdering

Nattverdskalken i sølv blir en flott del av inventaret i Fogn kyrkje, og den gamle kalken blir oppbevart i et glasskap.

Stavanger biskop godkjenner ny nattverdskalk i Fogn kyrkje.

Med vennlig hilsen

Jorunn Kraft Vistnes
stiftsdirektør

Turid Tjessem
saksbehandler

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

2 av 2

,

Mottakere:
Stavanger kirkelige fellesråd

Postboks 201

4001 STAVANGER

Hei,

Takk for at vi kan samarbeide med dere om Vesper og foredrag i Talje kyrkje søndag 22. juni 2025 kl. 1800.

Vi er en liten gruppe som leder Vesper fra 1800 - 1830, fint om vi kan øve kl. 1700.

Anne Ytterdal vil holde foredrag om altertavlen og prekestolen og sette dette inn i en historisk sammenheng.

Mellom vesper og foredraget pleier vi å ha en enkel kirkekaffe.

Alt godt!

Hilsen Stein M. Mangersnes
Kirkemusiker Rennesøy menighet
Tlf 90077845

Velkommen til 900-års feiring av Stavanger og familiefest på fjorden!

I anledning av at Stavanger by, domkirken og bispedømmet fyller 900 år i 2025, ønsker Regionalt pilegrimssenter Avaldsnes å invitere til å delta i et samarbeid om felles båtturer og andre jubileumsaktiviteter.

En liten smakebit av programmet:

- **15. august 2025:** Samling og avgang fra ulike steder på Haugalandet med småbåter, seilbåter, veteranbåter og galeasen *Gurine*. Overnatting ved kai på Utstein.
- **16. august 2025:** Avgang mot Stavanger, ankomst i sentrum på formiddag. Familiedag med ulike aktiviteter. Jubileumsgudstjeneste i Stavanger domkirke

Praktisk informasjon:

- Hvis dere ikke ønsker å reise i egen båt er det mulig å bli med på seiltur fra Haugesund til Stavanger. Galeasen *Gurine* fra Rosendal er bestilt.
- Utstein Pilegrimsgard på Mosterøy tilbyr middag og overnatting
- Vi planlegger aktiviteter i sentrum av Stavanger, med base ved Stavanger Katedralskole. Program med bl.a. bålpanne, grilling, hånd-mat, naturkunst, korsang, m.m.
- En gruppe fra Jæren planlegger pilegrimsvandring fra Egersund til Stavanger. Her kan dere bli med fra det stedet som passer og ende opp samlet i Stavanger.
- Det blir kanskje også mulighet for en felles båttur fra Ryfylke. Fremdeles i tidlig planleggingsfase

Vi håper vår foreløpige henvendelse kan drøftes hos dere, slik at vi sammen kan skape en god markering av dette historiske jubileet.

I deres menighet kan dere for eksempel snakke om:

- Har vi lyst til å invitere pilegrimskoordinator for å få mer informasjon om hvilke muligheter som finnes?
- Har vi lyst til å reise med egen fritidsbåt i en armada fra Haugalandet til Stavanger? Valgfritt startsted, samlet ankomst.
- Har vi lyst til å bli med på pilegrimsvandring på vei fra Egersund til Stavanger? Valgfritt startsted, samlet ankomst.
- Har vi lyst til å reise over Boknafjorden i galeasen *Gurine* fra 1875? Det er mulig å melde seg på som enkeltperson eller gruppe.
- Har vi som menighet lyst til å bidra med aktiviteter ved Kongsgård katedralskole lørdag 16. august?

Ser frem til samarbeid!

Skoleskipet Gann, Stavanger Bispedømme, Utstein pilegrimsgard og Regionalt pilegrimssenter Avaldsnes arrangerer også cruise til Trondheim i forbindelse med 900-års jubileet i Stavanger og Olavsfest i Trondheim i 2025. Reisetid er 25.7.-2.8.2025.

Ta gjerne kontakt med Gann for mer informasjon.

[Cruise med skoleskipet Gann](#)



Karmøy
kommune

Med vennlig hilsen
Wenche Lindtner
Pilegrimskoordinator
E-Mail: wli@karmoy.kommune.no
Telefon: 982 42 083
Rådhuset, postboks 167, 4291 Kopervik | karmoy.kommune.no





DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Alle menighetsråd og kirkelige fellesråd

Dato: 08.10.2024

Vår ref: 24/02440-1 aa333

Deres ref:

Høringer fra Kirkerådet høsten 2024

Kirkerådet sender dette brevet til alle menighetsråd og kirkelige fellesråd for å informere om saker som Kirkerådet sender på høring høsten 2024. Sakene sendes på høring i uke 41, slik at Kirkerådet etter planen kan forberede dem til behandling på Kirkemøtet 2025, som arrangeres i Trondheim 23.–28. april.

Kirkerådet vet at menighetsråd og kirkelige fellesråd kan oppleve høringer som en ekstra arbeidsbelastning. Det ønsker vi å unngå – samtidig som vi gjerne også vil understreke at tilbakemeldinger fra rådene er viktige for å kunne foreta de beste beslutningene. Høringene inneholder forslag som kan berøre ulike deler av kirken. Da er det avgjørende at instanser som blir berørt, kan bli hørt og si sin mening. Kirkerådet er derfor svært takknemlige for at rådene tar seg tid til å gi uttalelser.

For å forenkle arbeidsprosessene for rådene har Kirkerådet endret litt på rutinene. I høst vil flere av høringene sendes til et *utvalg* menighetsråd og kirkelige fellesråd, i stedet for at de sendes til *alle* menighetsråd og kirkelige fellesråd. Rådene som er valgt ut, kan likevel velge å ikke svare.

Rådene er valgt ut på en måte som sikrer at bispedømmene er blitt representert tilnærmet likt, med noe variasjon pga. forskjellig antall kirkelige fellesråd og menighetsråd i bispedømmene. Det har blitt tatt hensyn til geografi, medlemstall og befolkningstall.

Dersom ditt råd ikke har mottatt en høring, men likevel ønsker å avgi en uttalelse, er det selvfølgelig mulig. Da benyttes lenkene til høringsdokumentene som dere finner nederst i dette brevet.

Oversikten under viser hvilke høringer som blir sendt ut til de utvalgte menighetsrådene og kirkelige fellesrådene. Her er også lenker til de aktuelle dokumentene.

- [Høring – rammer for kirkevalget](#)
- [Høring – biskopens tilsyn](#)
- [Høring – regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga og av tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet mv.](#)
- [Høring – fellesordninger innen digitalisering, personvern og informasjonssikkerhet](#)
(denne sendes til alle kirkelige fellesråd og menighetsråd med fellesrådsfunksjoner).

Høringsnotatene legges ut på nettsidene det er lenket til, i løpet av uke 41.

Postadresse:
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

E-post: post.kirkeradet@kirken.no
Web:
Org.nr.: 818 066 872

Telefon: +47 23081200
Telefaks:

Saksbehandler
Andreas Henriksen Aarflot

Alle sakene har høringsfrist **fredag 6. desember 2024**.

Med vennlig hilsen

Ole Edvard Wold-Reitan
direktør

Ingeborg Dybvig
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:
Alle menighetsråd og kirkelige fellesråd

MØTE I ANSVARSKOMITEEN 5. NOV. KL 1930 – 2100**Frammøtte: Magnar, Terje, Dag, Merete, Wenche, Eli og Heidi****Opning v/Eli****27/24 Halvårsplan for 2024****-Gudstenesteoversikt ligg vedlagt.**

Ønske om gudsteneste i Eidsvåg 25. mai kl 1100 og evt ei gudsteneste på dagsturhytta enten 15., 22. eller 29. juni. Sjekker med våre egne prestar om å vere med på desse gudstenestene evt Svein Nybø eller andre me kjenner.

Oddvar Søvik blir med Ola i gudstenesten 1.pinsedag. Me snakka om foredrag om Torinoklede. Heidi sjekkar med Søvik om dette er noko han kan ha fokus på ein kveld når han likevel er her. Evt at han kan komma ein annan gong.

-Andre arrangement som er meldt inn:

11.febr. – kulturkveld ved Pater Pollestad. Buss frå Ingvars Reiser med middag i kyrkjekjellaren.

21. juni – konsert med Frimenn med middag først og kaffi etterpå.

Ein gong i vår besøk frå Halvard Hasseløy i lag med Torolf Nordbø

Torstein Jørgensen – professor i kirke – og misjonshistorie – foredrag kulturkveld i 2025, kombinert med bilder fra gamle Stavanger. Kulturkveld med kveldsmat (gjestebod i høve 900 årsjubileumet) – finne ein eigna dag i vår/sommar.

Byregudsteneste i løpet av sommaren.

Evt. konsert ved fam. Mossige ein gong i løpet av sommaren evt i samband med helga for Byregudstenesten?? Heidi sjekkar med Arne.

Evt. bønnehussamling v/Eivind Arnevåg – Margunn held dialogen.

Evt. Jakob Sande kveld/dag – Svein held dialogen om dette.

Evt. kåseri ved Harry Breiland – interessant foredrag på om lag ein time. Evt heller at helselaget arrangerer ein kveld. Eli bringer dette inne til styret i helselaget.

Evt. ein salmekveld i lag med kantor – kanskje i løpet av våren ein dag det kan passe. Heidi sjekkar med Bjørn Terje.

Evt. lovsongskveld i lag med Terje og Bjørn Terje – ein gong det kan passe om dei har tid til det.

Evt. lovsongskveld både vår og haust ved Daniel Heimstad og Kenyaprojektet – me spør Daniel om kapasitet, held i alle fall på 4. oktober. Fint om Anne Marthe og kan vere med.

Faste ting: TøffOGNådig, Hobby og tru, Torsdagscafe, Språkcafe, symaskin i kyrkja og kveldsbøn.

Dugnad – forslag at dette blir tirsdag 8. april

Kopierer opp halvårsplan og køyrer ut i postkassane før årsskifte – ansvar Heidi.

28/24 Kva skal me bruke pengane frå basaren til?

Forslag om innkjøp av hdmi- kablar til prosjektorane oppe. Dette for å kunne gje betre bilde/meir stabilt bilde som ikkje let seg påverke av teleslynga osv. Det vil og kunne gje ein betre bruk f.eks at ein ved lese-pulten kan ha pc og overføre direkte lyd/bilde derifrå, samt at det på sikt kan gje andre muligheter f.eks to skjermar til osv. Kostnad: Kr 13000,-

Spørsmål om det evt nå går an bare å kjøpe hdmi – kablar som ei akutt hjelp og uten ein veldig stor kostnad. Heidi sjekkar med Lars Magne og Håvard som meldte inn behovet.

Forslag om utbetring av lyden i begge salane oppe. Det er no slik at folk melder tilbake at dei ikkje har høyrte alt. Nytt lydanlegg er ein langt større kostnad kan hende 50 – 75 000,- Her er det viktig at systemet er lett å bruke for amatørar. Det må vere god lyd for alle. Det gamle utstyret må sjekkast over om noko kan nyttast vidare og at me evt supplerer med nytt og meir moderne. Me må få eit prisoverslag frå eit firma, evt Klippen lydsystemer AS Viss me går for nytt anlegg kan dette med forbetra bildekvalitet gå inn i det same prosjektet. Me må vite kor mykje pengar me kan bruke på dette uten at me bruker opp alle oppsparte midler. Andre måtar å få inn pengar på er å søke diverse bankar og stiftelsar. Heidi sjekkar med økonimiavd. I Fellesrådet. Evt kan me setje opp ei prioriteringsliste over nokre år. Saka går vidare til handsaming i soknerådet.

Evt høgtalar i gongen nede (det ytterste rommet) mellom sal og ungdomslagsrommet – dette har og vore etterspurt og er nødvendig når det er mykje folk nede eks ved minnemøter.

29/34 Praktiske oppgaver:

Hentavfall.no neste dato er 3.des. Me bestiller plass og kastar det me ikkje treng ha ståande.

Brannvarslingsanlegget er på plass. Vedlikehald på ventilasjon er på gong.

Ny dugnadsliste for blomsterpynting, vasking av kyrkjekjellaren og kyrkjekaffi vert sendt ut ca i starten av desember. Der skal me huske å minne om oppgaver knytta til vasking.

Ute: Kan ta ned dei nedste greinene på 2000 års bjørka, kan ta vekk enkelte tre rundt kyrkja. Terje og Dag gjere dette ein av dei nærmaste dagane.

Kan bruke eddik og «sprøyte» mellom belegningssteinane – sjå på dette under vårdugnaden.

30/24 Evaluering av arrangement sidan forrige møte.

-Vandremiddag

-Gospelcountrykveld

-Lovsongskveld

-Basaren

-Gudstenester

- Gravferder med minnemøter – samlingane i kyrkjekjellaren etter gravferd og evt anna betyr at ansvarskomiteen får kr 1100,- pr gong.

-Torsdagscafe

-Språkcafe

-Symaskin i kyrkja

-TøffFOGNådig og Hobby og tru

-Kveldsbøn

Me snakka om det og var nøgd med alle aktivitetene.

31/24 Komande arrangement i haust

- 22. nov. kl 1800 «Besto syng» konsert i kyrkja – Fri entre`Sondre leiar arrangementet.

- Kveldsbøn 10. nov. og 8. des.

-Gudstenester 1. des. kl 1100 , julafta kl 1500 og 2. juledag kl 1200

- Me syng jula inn 15. des. kl 1730 – solistar og husband er spurte om å vere med. Ca 8 – 9 allsongar. Formidling via filmsnutt. Varighet om lag 1 time, maks 1 time og 15 min. Gløgg og pepperkaker etterpå. Evt lage eit blanda kor som øver inn 2 – 3 julesongar. Evt i lag med kantor.

30. nov. – 1. des. – Lys Vaken – kyrkjelydspedagog Reidun er med og får evt med seg ungdommar frå KVS – Lyngdal

32/24 Planar framover

Plan på sikt: Ein kveld med Åge Samuelsen sine songar. Dette blir ikkje no i 2024/2025 – håper å få det til seinare i regi av Hilde og Wictor med fleire.

Salmekveld med utgangspunkt i salmeboka og salmeskrivar eks. Eivind Skeie osv.

33/24 – Møteplan for våren 2025 med ansvarsfordeling på opning.

Forslag: Tirsdagar kl 1930 – 2100 21.jan, 11. mars og 13. mai. Opning ved Wenche neste gong.

Ymse – ingenting meldt inn.